

Jølster- rafting på tysk TV

Det tyske tv- selskapet HR3 er i Noreg for å lage eit program om sportsaktiviteter i Nordfjord- og Sunnfjordregionen. Eit 23 minutt langt program skal lagast, med rafting i Jølster som eit av innslaga.

Firda

Håvard Standal og
Arne Stubhaus

Rafting utgjer fire minutt i programmet. Andre aktivitetar frå regionen skal vere sommarski på Strynefjellet, brevandring med gammalt utstyr, dykking, jonsokfeiring i Selje, havfiske og innslag frå Vestkapp.

-HR3 er ein delstatskanal som ligg i Hessen- området, med Frankfurt som største by. Rundt åtte millionar menneske kan ta inn denne kanalen, men denne typen program her berre rundt 150000 sjaårar til vanleg, seier Lars Bastian., som er redaktør for magasinet „Sport Aktiv“

Dyr programleiar

Til no har dei filma introduksjonar til alle innslaga med programleiaren Gaby Bock. Ho var så dyr at vi valde å gjere ferdig alle innslaga med henne først, seier Bastian. Han har også med seg kameramannen Benny Ashoff og lydmann Erwin Otto. I kommande veke skal dei filme dei resterande innslaga som skal visast på tysk fjernsyn 28. august. Bastian har studert Fjernsyn og media på Blinden i Oslo i seks år og snakker godt norsk.

-Eg visste at det var svært fint i denne regionen. Vi valde å filme her fordi det er så variert natur. Ein treng berre frøflytte seg nokre få kilometer før ein har eit heilt nytt landskap, seier han.

Ti ungdommar frå Eid, Skei og Breim fekk gratistur med Jølster Rafting sidan det tyske selskapet skulle gjere opptak. Dei fleste hadde ikkje prøvd rafting før og ambisjonar om å verte tv- stjerner hadde ingen av dei.

-Det var svært spennande, men eg følte meg trygg heile tida, seier Svein Myklebust frå Eid. Vi lærte først ordrar og så trente vi på korleis vi skulle ro. Det heile virka svært trygt og vi følgde ei fastlagt rute nedover elva kvar dei skulle gjere, seier han

Det vart mange turar nedover elva for ungdommane. Det vart filma i to parti av Stardalselva og eit parti av elva i Våtedalen. Alle partia vart filma to gonger for å sikre gode nok bilete til innslaget. Sjølf kameramannen var med på to av turane for å få bilete frå båten.

Risikosport

Alle rafting- elvar graderte etter kor vanskelege dei er. Graderinga går på ein Skala frå null til seks, der seks er vanskelegast. Stardalselva vert gradert som tre. Stryka i Stardalselva er ikkje spesielt vanskelege, men det er det kalde vatnet som gjer at elva kjem så høgt opp på skalaen. Ungdomane starta ved Befring og øver på kommandoar og roing fram til Merkjesgarden som ligg rett over det nye bygdetunet. Dette stryket er gradert til tre og går under brua som fører til øvingsbana til NAF. Eit stykke nedanfor bygdetunet må dei ta båtane på land og frakte dei forbi nokre stryk som ikkje lar seg rafte gjennom. Eit stykke over Lyngstadfossen set dei båtane ut att og lar det stå til vidare nedover Stardalen.